



Arkivnr: 2015/12709-2  
Saksbehandlar: Pål Andre Kleive

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.05.2016

## Godkjenning av prosjektrekneskap Hjeltnes vgs - forprosjekt gartneribbygg og varmeanlegg

### Samandrag

Fylkestinget vedtok i 2013 at prosjekt med rekneskap som overstig 10 mill. kr skal ha ekstern revisjon og handsaming i kontrollutvalet. Deretter skal prosjektrekneskapane gjennom politisk handsaming. Prosjekt som har rekneskapsført mindre enn 10 mill. kr skal ha same prosedyre dersom rekneskapen avvik meir enn 10 % frå prosjektet sitt opphavlege budsjett.

Prosjektet som vert lagt fram i denne saka fekk avslutta rekneskapet i 2015; Hjeltnes vgs – forprosjekt gartneribbygg og varmeanlegg. Prosjektkostnad 65 906. kr.

For prosjektet var det eit mindreforbruk på 184 094 kr eller 73,6 % i høve til kva som vart løyvd til prosjektet.

Prosjektrekneskapet vart handsama i kontrollutvalet 04.04.2016. Uttale frå kontrollutvalet for prosjektet er vedlagt saka, og er også vist til i teksten under. I forkant av handsaminga i kontrollutvalet har Deloitte, gjennom revisjonsmeldingar, stadfesta at prosjektrekneskapane gjev eit rettvise bilete av prosjektet, og at dei er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. Kontrollutvalet merkar seg at årsaken til mindreforbruket er at framdrifta i prosjektet er stoppa i påvente av avklaringar i skulebruksplanen. Det vert vidare lagt opp til at ein eventuelt vil krevja ny løyving på eit seinare tidspunkt. Fylkesrådmannen tilrår at framlagt prosjektrekneskap vert godkjend.

Kontrollutvalssak, notat om prosjektavslutning og revisjonsmeldingar er vedlagt saka.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner rekneskapet Hjeltnes vgs – forprosjekt gartneribbygg og varmeanlegg.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02110 - Hjeltnes vgs. - forprosjekt gartneribbygg og varmeanlegg nr 1
- 2 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02110 - Hjeltnes vgs. - forprosjekt gartneribbygg og varmeanlegg nr 2
- 3 Revisors beretning - Prosjekt 02110 - Hjeltnes vgs. - forprosjekt gartneribbygg og varmeanlegg
- 4 Sak 30/16 Kontrollutvalet

## Fylkesrådmannen, 06.05.2016

### Bakgrunn

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»

Sak og uttale frå kontrollutvalet skal for desse prosjektrekneskapane leggjast ved sak frå fylkesrådmannen. Sekretariatet har motteke revisjonsuttale frå Deloitte på det avslutta prosjektrekneskapet;

Prosjektrekneskap 02110 Hjeltnes vgs – forprosjekt gartneribygge og varmeanlegg

Deloitte har stadfesta at prosjektrekneskapet gjev eit rettvisebilde av prosjektet, og at det er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

### Kostnad og avvik

Ei oversikt over prosjektet er sett opp under;

Prosjektnr	Eining	Prosjektføremål	Løyving	Rekneskap	Avvik	Avvik %
02110	Hjeltnes vgs	Forprosjekt gartneribygge og varmeanlegg	kr 250 000	kr 65 906	kr 184 094	73,6 %

For prosjektet er det, som oversikta syner, eit mindreforbruk på kr 184 094; dvs. 73,6 % av løyvinga.

### Løyving og rekneskap

Løyvinga gjeld forprosjekt gartneribygge og varmeanlegg. I forhold til løyvd ramme er mindreforbruket stort både i kroner og i prosent.

### Kontrollutvalet

Kontrollutvalet merkar seg at årsaken til mindreforbruket er at framdrifta i prosjektet er stoppa i påvente av avklaringar i skulebruksplanen. Det er elles ingen merknader til prosjektrekneskapen frå utvalet.

Sekretariatet tilrår elles at kontrollutvalet tek konklusjonane frå Deloitte til etterretning.

Vidare er revisjon og handsaming av prosjektrekneskapen utført i tråd med regelverket ved at dei vert revidert etter kvart, ved at dei vert send vidare til sekretariatet for handsaming i kontrollutvalet og at det er lagt med notat med forklaring på avvik. Det vert vidare synt til vedlagt kontrollutvalssak.

Kontrollutvalet 04.04.2016 – sak PS nr 30/16 - vedtok følgjande framlegg til uttale samrøystes;

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen gjev eit rettvisebilde av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Utvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.

### Avslutting av rekneskapane

Fylkesrådmannen viser til tidligare tiltak som er sett i verk. Prosjektrekneskapar vert no fremja for politisk handsaming så tidleg som råd er etter at prosjektfasen er over. Spesifikt for dette prosjektet er det eit

prosentvis større avvik. Dette avviket kjem i stor grad av at prosjektet er stoppa i påvente av avklaringar i skulebruksplanen.